



KARANTENENEMNDA

Britt Giske Andersen

Vår dato	Dykkar dato	Vår referanse
28.6.2020	24.6.2021	2021-15/2020-39

Vedtak i samband med overgang til verv som styreleiar i Stiftinga Giskespelet

Vi viser til e-post frå deg til Karantenenemnda datert 24. juni 2021.

Vedtak

Karantenenemnda har gjort vedtak om at du ikkje skal ha saksforbod i samband med overgang frå stilling som politisk rådgjevar i Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) til eit frivillig verv som styreleiar i Stiftinga Giskespelet.

Rettsleg grunnlag

Karantenenemnda kan gje pålegg om at ein politiskar eller tidlegare politiskar i eit departement vert ilagt karantene i inntil seks månader etter fråtrede frå den politiske stillinga eller embetet. Sjå lov 19. juni 2015 nr. 70 om informasjonsplikt, karantene og saksforbod for politikere, embetsmenn og statsansatte (karanteneoven) § 6, som har denne ordlyden:

"Karantenenemnda kan, ved overgang til stilling eller verv utenfor statsforvaltningen eller etablering av næringsvirksomhet, i særlige tilfeller ilegge en politiker karantene i inntil seks måneder etter fratreden når

- det foreligger en konkret forbindelse mellom politikerens tidligere ansvarsområder, arbeidsoppgaver i den politiske stillingen eller bestemte saker som var til behandling i departementet i politikerens funksjonstid, og interessene til den virksomheten politikerens blir tilknyttet eller etablerer, eller
- politikerens tidligere ansvar og arbeidsoppgaver har gitt eller kan gi virksomheten politikerens blir tilknyttet eller etablerer, særlige fordeler, eller
- overgangen på annen måte kan være egnet til å svekke tilliten til forvaltningen generelt."

På same vilkår kan Karantenenemnda gje pålegg om saksforbod i tillegg til, eller i staden for, karantene, jf. karanteneova § 7. Saksforbod kan påleggjast i inntil tolv månader etter fråtrede. Dersom det ligg føre særleg tungtvegande årsaker, kan det påleggjast eit saksforbod i inntil tolv månader etter fråtrede, i tillegg til ein karantene på inntil seks månader.

Saksforholdet

Du var politisk rådgjevar i Nærings- og fiskeridepartementet frå 24. januar 2020 til 5. oktober 2020. Du vart ikkje ilagt karantene eller saksforbod i samband med overgang fra stillinga som politisk rådgjevar til stillinga som markedsjef i Stiftelsen Atlanterhavsparken.

Karantenenemnda ga denne grunngevinga i vedtaket 10. oktober 2020:

"Karantenenemndas vurdering

Karantenenemnda har vurdert om det foreligger et særlig tilfelle som begrunner ileggelse av karantene og saksforbud og har kommet frem til at dette vilkåret ikke er oppfylt. Karantenenemnda mener at overgangen ikke vil gi virksomheten særlige fordeler, eller vil være egnet til å svekke tilliten til forvaltningen. Du har arbeidet relativt kort tid som politisk rådgiver og har ikke hatt ansvar for bestemte saksområder. Din nye stilling i Stiftelsen Atlanterhavsparken vil bestå av markedsføring av bedriften mot besøkende både nasjonalt og internasjonalt, merkevarebygging, produktutvikling og kommunikasjon. Karantenenemnda mener derfor at det ikke foreligger et særlig tilfelle som begrunner ileggelse av karantene eller saksforbud. Du kan dermed kan tiltre stillingen etter nærmere avtale med arbeidsgiver."

Du har gjeve denne opplysninga om styrevervet:

"Stiftinga Giskespelet er eit vikingespel som vart stifta av innbyggjarane på Giske i 1995, som eit skuleprosjekt der ein skulle gjere lokalhistoria om Arnungeætta kjend. Dette er eit frivillegprosjekt som er driven på frivilleg basis og ingen tek ut løn anna enn innleigde aktørar til sjølve spelet, som er annakvart år.

Mi vurdering har heile tida vore, at dette er eit lokalt dugnadsarbeid for lokalsamfunnet eg bur i. Og at min innsats i dette er på frivilleg grunnlag. Dei offentlege kontaktane som er, kom til lenge før mi tid."

Vurdering av overgangen til styrevervet

Overgangen frå politisk rådgjevar til styreleiar i Stiftinga Giskespelet er å sjå som uproblematisk.

Ettersom du ikkje har meldt inn styrevervet i Giskespelet innan fristen sett i karantenelova § 5, har du brote informasjonsplikta. Dette ser nemnda som kritikkverdig, sjølv om vervet ikkje er av ein slik art at det er grunn til å ileggje karantene eller saksforbod. Den enkelte kan ikkje sjå bort frå informasjonsplikta fordi han/ho meiner det ikkje vil være aktuelt med karantene eller saksforbod.

Med helsing

Reidun Slåen (e.f.)

Henrik Rydland Akslen

Vedtaket frå Karantenenemnda er godkjend elektronisk og inneheld ikkje signatur.

Kopi:

Statsministerens kontor

Nærings- og fiskeridepartementet